

Høyringsvar til NOU 2016:16
frå Human Rights Alert – Norway (HRA-N)
til BLD om Ny barnevernlov.
Svarfrist 30.01.2017.

Barne-, likestilling- og inkluderingsdepartementet,

Postboks 8036 Dep,

0030 Oslo

Human Rights Alert – Norway (HRA-N) er ein menneskerettsorganisasjon og NGO som jobbar for å forhindre brot på grunnleggande menneskerettigheiter i Noreg, og betre rettsikkerheita for barn og foreldre.

Barnevernsleiaren i Kongsberg blei valt til «Årets kommuneprofil 2016» for å ha redusert tvangsplassering av born med 90 %.

HRA-N meiner at denne nedgangen og denne prisen stadfestar og fortel kor lovlaust dagens barnevernet(bv) fungerer og det tyder også på at den høge talprosenten som fagfolk i alle år har snakka om, er reelle. Metoden i Kongsberg er visstnok å ta familien, nettverk og familieråd med i vurderingar for å gi reel hjelp, noko som innbyggjarane i Noreg sikkert har teke som sjølv sagt.

Mange fagfolk har som nemnt i årevis hevda at i 75 -80% av barnevernssaker, der burde ikkje barna ha blitt tvangsplassert i fosterheim eller institusjon, men fått hjelp i heimen om dei trong det.

<http://kommunal-rapport.no/2017/01/barnevernsleder-hedret-med-pris-beste-leder>

HRA-N har hevda i årevis at det er ikkje lovverk og forskrifter som er galt, det er dei tilsette sine påstandar, vinklingar og skjønnet og dei såkalla fagvurderingane som bv glatt feiar tilsides lover, forskrifter, barnekonvensjon(BK), menneskerettskonvensjonar som EMK og andre konvensjonar.

HRA-N skriv tilsvaret til ny bv-lov etter vår informasjon om HRA-N sitt forslag til ei systemendring av barnevernet.

HRA-N sitt forslag til Hastevedtak (som kapitel 12) :

Om kriteriane for hastevedtak er tilstades skal barnet leggjast inn på barneavdelinga ved næraste sjukehus. Eit hastevedtak av bv, er det alvorlegaste som kan hende eit barn i fredstid. Barnet misser då oftast foreldre, søskjen, vener og familien sin. Ja, det kan kanskje ende med adopsjon.

Det er stilt spørsmål om «lovtomme rom» for barnet og rettsikring i høyringsnotatet, og dette kan sikrast ved at barn blir lagt inn på ei barneavdeling. Dette er garantert mindre

skremmande og traumatiserende for born enn å bli henta av fleire bv-tilsette og 5-6 væpna politi og plassert i beredskapsheim ofte i grisgrendte strøk hos framande folk. Rapport og konklusjon på sjukehus vil bli skrivne etter helsepersonellova. Lege og/eller sjukepleier kan misse sin offentlege godkjenning om dei ikkje følgjer lova.

HRA-N vil spesielt vise til s. 174 ideer om separasjonsangst:

<http://bora.uib.no/handle/1956/7942>

Barn har rett på at mor eller far kan følgje, og om dei ikkje kan, så kan gjerne ein annan nær person bli med.

Beredskapsheimane ser oftast ut til å vere instruerte av barnevernet på kva haldningar/ tiltak dei skal ha til born og familien. Her skal gjerne sak byggast og foreldre skal provoserast. Dette les vi om i gamle bv bøker av sosionom Kari Killen; å provoser foreldre. Foreldre lurar på kva i verda slags folk som arbeider i bv-systemet, mange blir så provosert og krev ny saksbehandlar. Det einaste foreldre oppnår med dette; det ser dei i retten, då har dei eit ekstra vitne frå bv mot seg. Her har vi mange vitnemål om saboteringar av m.a. telefonsamtaler som er gjort vedtak om mellom bv/born og foreldre, og overvaking, avbrot på samtaler der hensikta ser ut til å vere å framprovosere fortvilning og sinne hos barn og foreldre. Omfattande og usunn mat som gotteri og potetgull, videospel/tv-sjåing i timesvis er rapportert, som kan/har gitt påstander at barnet ville berre ha det slik – det er slik dei er vande med heimanfrå.

Vi har vorte inspirert av boka til sosionom Randi Haugland, «Med makt til å krenke. Om makt, avmakt og motmakt i en konfliktfylt barnevernssak». Vi har i mange år diskutert rundt denne debattboka. Er det til «barnets beste» å ta ei barnevernssak til fylkesnemnd og rettsystemet. Folk trur dei har rett til brukermedvirkning, aktørprinsippet og empowerment-tenkninga i møte med bv og rettssystemet, men foreldre og barn opplever at alt det dei fortel og forklarar i dette bv systemet har ingen verdi for dei, anna enn å bli brukt i mot foreldre for å tvangsplassere barn. Som ein sakkunnig psykolog sa, «eg bryr meg ikkje om å snakke med dine komparenter fordi retten finn dei ikkje truverdige likevel. Privatpart sine vitne har liten verdi fordi dei fortel berre positivt, fordi de skal vere vener resten av livet.» Dette er då gjerne vitner som har sett familien i lag i årevis og opplevd dei som gode mennesker. Det er altså bv tilsette, utan offentleg godkjenning av utdanninga si, som har definisjonsmakta og blir trudde av domstolen. Sjølv om jordmor, helsesøster, lege med offentleg godkjente utdanningar, som har sett foreldre og barn over månedar og år kan fortelle berre positivt om familien, så vinn ein ikkje fram med argumenta til dommaren. Er det rart at det blir motstand, også internasjonalt? Kva med BK og EMK, kva land bur vi i?

HRA-N vil kome med forslag om ei systemendring av barnevernet, som gjer offentleg omsorg av barn langt betre og billigare enn dei 20 milliarder som bv kosta i 2015.

Opprett ein barneseksjon, for hjelp til barn og familien, under heimetenesta, ei helsesøsterutdanna sjukepleiar(spl) bør vere leiar. Dei har spesialutdanning med fagkompetanse på barn frå 0 til 18 år, og dei har offentleg godkjenning som helsepersonell, og må forholde seg til «Lov om helsepersonell». Om desse skriv usant i journalar/dokument kan dei meldast til helsetilsynet og risikere å misse sin offentlege godkjenning og rett til å fungere i yrket.

Alle kommuner har i dag ei heimeteneste bemanna med helsepersonell som tek seg av innbyggjarar enten behovet er fysisk, psykisk eller sosialt. Likeså er det som kjent ei heimehjelpeteneste for hjelp til reingjering osv. Det bør også kome ei husmorvikar/heimekonsulentfunksjon opp mot denne nye 'barneseksjonen.'

Dei fleste barn som bv ønskjer å plassere har diagnose, eller uklare helsesymptom. BV har ingen fagkompetanse til å vurdere helse og symptomar på sjukdom, men bv bruker desse ev symtom mot foreldre med påstandar om at dei ikkje meistrar barna eller kvardagen. BV sine skriv er fulle av usanne påstandar og dekontekstualisering, dvs at deler av en tekst eller handling blir tatt ut av sin sammenheng og dermed hindrer leseren i å forstå sammenhengen. Dette gjør det umulig for domstoler og andre å vite kva som ligger bak et utsagn eller en handling. Slik dekontekstualisering er i realiteten uakseptabel både etisk og faglig. Et utsagn er alltid situasjonsbetinget. Dersom situasjonene/konteksten skrelles vekk, kan beskrivelsen få en forvrengt mening for leseren. Dekontekstualisert informasjon kan lede til feilaktige tolkninger og vurderingar.

Om ein får bort slike ulovlege skriv, ja ofte reine lygner, så er det ikkje så lett å vinne fram med tvangsplassering av barn, og overgrep på uskuldige barn og foreldre.

La bekymring-/uromeldingar gå til denne barneseksjonen i heimetenesta, og ikkje til barnevernet som i dag. Vurdering vil nok automatisk bli gjort straks eller innan 24 timar. I helsevesenet får hestepasienter/saker første prioritet og vurderte øyeblikkeleg. Innan kvar kommune har dei same kompetanse i bhg, skule, ppt. Det er eit svik mot barn å sende dei bort frå heimkommunen slik at dei også misser både familie og vener.

Fastlegen, helsesøster, barnehagen(bhg) eller skulen kjenner barn og familie, og kan gi adekvat hjelp; i ordet si rette tyding. Fagfolk må ta tilbake og vise sin faglege autoritet. Fagpersonane må stole på egne kvalifikasjonar til å seie at dette barnet får den ev hjelpa det treng her. Fagfolk må seie i frå: «Barnet treng ikkje å bli svikta av meg som fagansvarleg (i bhg, skule, helsestasjon eller fastlege) for så å bli sende til ein kollega i ei anna kommune for å få hjelp der. Hjelpa til barnet er her i heimkommunen.»

BV si tyding av «hjelp» er synonymt med omsorgsovertaking slik som også 'Tidleg intervensjon'/'Rett hjelp til rett tid' er det. Ja, dette har vi lest i hundrevis av bv-papir.

I dei fleste bv-sakene er 'helse' eit tema, og bv-pedagogar har ikkje kompetanse for å vurdere dette, også uttalt av bufdir M. Trommald i tv-debatt nrk «Debatt» seint på hausten i 2016.

HRA-N meinar at uansett om bv-pedagoger/sosionomer tek aldri så mange kompetansehevingskurs, så har dei ikkje helsefagleg utdanning i botnen. Vi ser i sakene at alle desse kommunale fagfolka som bhg, skule, helsestasjon blir dratt inn i bv-sakene som 'sakkyndige' vitne for bv. BV samlar info frå desse fagfolka og brukar dei mot barnet og foreldre for å skilje dei. Men vi har aldri opplevd at bv går i dialog med fagfolka for å reelt betre forholda i biologisk heim; som bv kritiserer. Dette er også omtala/påpeika i boka «...det er så personavhengig Om barnevernsarbeiderens personlege makt» (forskingsserie nr.34 Høgskulen i Agder) av Sigrid Nordstoga. Der står m.a. skrive; «Heimane får ikkje hjelpetiltak fordi det kamuflerer omsorgsvikta og saksbehandlar skal observere/provosere.» Dette er ei haldninga som vi ser at andre bv leiarar elles i Noreg også har.

Ansvarsgruppe av helsesøster, bhg/skulelærer, ev fastlege er velkjent, og bør samordnast av barneseksjonen i heimetenesta for gjeldande born. Bv skal ikkje delta der.

Vold, rus og overgrep ser vi som reelle saker. Overgriper må meldast til politiet og takast bort frå barnet. Foreldre veit at om politiet blir varsla, blir også bv varsla. Men vi ser i nokre/slike saker at den andre foreldre har gjort «alt» for å verne barnet/barna.

Retten har ein del grove feilplasseringar, der den gode forelderen blir skilde frå barnet. Hjelpelaust må barnet lide hos den andre foreldre som har gjort overgrep/ eller tvangsplassert hos framandfolk istaden for å få ro, hjelp og trøyst hos den gode foreldren. Bv bruker «Christoffer-saka» for å gjere den andre foreldre medskuldig også i såkalla oppdragarvold for ikkje å ha kontakta politi/bv. Dei har gjerne ikkje gjort det i frykt for at bv kom til å tvangsplassere borna. Mange av desse tørr heller ikkje kontakte krisesenter pga same reelle frykt for å misse borna. Det er nok mange av desse sakene som kan ordnast i heimen eller på heimestaden/familieplassering. Om det verkeleg er fare for grov vald så må det lagas eit system som vernar den gode foreldre og barnet/-a ilag på hemmeleg adresse, kanskje også med vakt i starten.

Hastevedtak: Innleggelse på barneavdeling på sjukehus i staden for beredskapsheim. Personalet har kunnskap og kompetanse til å gi barnet i krise adekvat hjelp i motsetning til i ein beredskapsheim som ikkje kan krisebehandling, men det kan ikkje bv heller. Dei bruker born sine krisereaksjonar som 'fakta' på korleis foreldre har skada borna sine. Omtalen viser skader som stress påfører hjernen:

Fysiske og psykiske skadevirkningar omfattar bl.a : forstyrning i stresshormonet kortisol som igjen kan føre til at barn blir påført varig helseskade. Auking av dette hormonet fører til:

"Fordi kroppen er i konstant beredskap økes produksjonen av både kortisol og stresshormonet adrenalin etter hvert så mye at det går utover den viktige DHEA produksjonen. Dei negative konsekvensene let ikkje vente på seg og du kan oppleve ein variasjon av ulike stressrelaterte plager:

Hurtig sliten og utmattet, vektøkning (ofte rundt magen og hoftene), muskeltap, hudproblemer, redusert serotonin produksjon som gir utslag i nedstemthet og depresjon, stigende kolesterol nivå, insulin resistens, økt appetitt og sukkerhunger, leddsmerter, redusert søvnkvalitet, utbrent, hukommelsessvikt og redusert immunforsvar samtidig som kroppens inflammasjonsnivå forsterkes."

http://www.dhea.no/stress_kortisol.php

"kortisol kan forårsake at nevroner i hjerna dør. Denne kjedereaksjonen er eksempelvis påvist hos personar som har gått gjennom særtraumatiske opplevingar, men som nær sagt har gløymt hendinga"

<https://www.ncbi.nlm.nih.gov/pubmed/16738073>

Conclusions: Lower SES was associated in a graded fashion with higher basal levels of cortisol and catecholamines. These associations occurred independent of race, and the data were consistent with mediation by health practices and social factors.

<https://www.ncbi.nlm.nih.gov/pmc/articles/PMC4351756/>

Som vi her ser har også de som greier seg dårligere i voksenlivet større konsentrasjon av dette hormonet enn andre. Barne- og likestillingsdepartementet har tidligere selv påpekt at barn som har stått under barnevernet greier seg dårligere enn de barna som har vokst opp med sine biologiske foreldre.

Denne form for overgrep med medfølgende traumer for barn og familier kan føre til langvarige skader:

"Barn med tidlige separasjonsopplevelser fra mor og/eller far kan utvikle varig endrede biologiske reaksjonsmønstre som slår ut under kriser og traumer. (Malt et. al. 2003)"
Denne formen for tvang kan føre til en krisereaksjon som igjen kan forårsake: Tilpasningsforstyrrelser (F.43.2) og Post Traumatisk Stress Syndrom (F.43.1), med livslange/årevise skader.

Økonomi.

HRA-N meiner at pengane til tiltak må følge barnet. Det må bli slutt på å misbruke barn ved å lage ei vekstnæring med barn som materiale innan dagens bv-industri. Ein fosterheims plass kostar ca ein million/året, og institusjons plass over det dobbelte. Kvifor ikkje ordne opp i ev utfordringar/problem innan familien utan å skal kontruere ei dyr sak for rettssystemet som er sterkt traumatiserande for foreldra, men mest skadeleg er det for barn som får akutte og varige traumer med mange kjente seinverknader. Sluttresultatet blir gjerne at både barn og foreldre endar som nav-klientar eller/og uføretrygda. HRA-N har hatt innsyn og arbeid med fleire hundre saker som absolutt kunne fått ev hjelp i heimen. Barn er kloke og forstår/seier mykje meir enn bv/psykolog/rettssystemet

respekterer. Det som også må vektleggast er at på kvardagar er barn uansett i offentlig omsorg via bhg/skulen/-fritidsordning, dessutan kan det settast inn hjelp i heimen etter bhg-/skuletid nokre timar så lenge det trengs – det er billigare enn å tvangsplassere og påføre barn/familien varige helseskader som ofte fører til uføretrygding av heile familien. Nasjonalt Folkehelseinstitutt, rapport 2013:8 viser at utanlandsadopterte speborn slit meir psykisk/ fleire suicidal enn born av biologiske foreldre.

<https://www.fhi.no/globalassets/migrering/dokumenter/pdf/adopterte-barn-ungdom-og-voksne-pdf.pdf>

HRA-N meiner at det er respektlaust eksperiment å ta norske speborn frå foreldre på fødeavdelinga eller innan første leveår, for dette vil sannsynlegvis ende som forskningstudie og ei doktorgrad om nokre år. Barnet har vore i mora sin mage i ni månader pluss det er noko som heiter gener og epigenetikk. Jmf Eksperimentet med eskimobarna som blei plasserte i Danmark. «The news did not come from the Danish government but from a Danish writer, who found a collection of documents in the Danish National Archives.

"She called me up and said, 'Are you sitting down? You've been part of an experiment.'"

<http://www.bbc.com/news/magazine-33060450>

Slutt på HRA-N sine endringsforslag av bv-systemet.

HRA-N sine kommentarer til kapittel 6, bv loven som ei rettighetslov.

HRA-N meiner at borna sine rettigheter i FN's barnekonvensjon(BK) artikkel 12, om barnet sin rett til å sei si meining i alt som angår det og – og barnets meining skal tillegges vekt, blir best ivaretatt om det blir gjort lydopptak av barnet sine ønskjer, og at det blir utskrift av lydopptaket.

Ved dommeravhør av barn i straffesaker, vert dette dokumentet lagt fram i og følgjer saka. Vi viser i denne forbindelse til ein uttalelse som professor Siri Erika Gullestad, professor i klinisk psykologi ved UiO, uttalte til pressa den 08.02.2012 i forbindelse med 22. juli-saka: "En helt rimelig slutning er at observert materiale må være tilgjengelig for andre på video- og lydopptak. Ellers blir dette et privat univers."

Departementet viser til borna sine rettigheter i FN' BK art 12, og desse rettighetene får ikkje barnet innfridd før barnet får rett til bistandsadvokat når deira rettigheter truast som i t.d. FN's BK art 9; 'Ingen barn skal skilles frå foreldrene sine mot deres vilje, hvis det ikke er til barnets beste'. Til å vurdere FN's BK art 3 'til barnets beste' treng barnet en bistandsadvokat for å tale sin sak, og det bør være en foreldrerett å kontakte advokat. Tilsette i barnevernet er motparten til barnet i ei barnevernssak, og har mange egne

jobb-, karriere- og organisasjonsmessige interesser. Alle barnevernssaker som HRA-N har vurdert nøye, er fulle av dekontekstualiseringer og usannheter. Forvaltningslova ser ut til å ligge i nederste skuffe på dei fleste barnevernkontor når dei er i kontakt med born og biologiske foreldre.

HRA-N ser ikkje nokon grunn til at barn skal ha dårligere rettsikkerheit i sivile saker enn i straffesaker som t.d. ABB saka. Rettsikringa hos born og biologiske foreldre bør ikkje vere mindre enn for ein massekiller. Dessverre ser vi at det er langt igjen før desse sakene når opp på det nivå i rettstryggleik som saka til ABB gjorde.

Om manglande rettstryggleik, ein uttale i VG 09.09.2010 frå Gro Hillestad Thune:
<http://www.vg.no/nyheter/innenriks/artikkel.php?artid=10068581>

Sitat: «Hun mener regjeringens forslag om å lovfestet barnevernsbarnas rett til å bli hørt i sin egen sak, er helt unødvendig.

- Reglene er på plass, bestemmelsene i barnevernloven og menneskerettighetsloven burde være tydelige nok. Problemet er at reglene ikke følges, sier Thune.

Ho meiner at barnevernsbarna ikkje treng fleire rettigheter på papiret.

- Det barna som ikke blir hørt i sin egen barnevernssak først og fremst trenger, er bedre klagemuligheter. I dag er de i praksis rettsløse, sier den erfarne menneskerettighetsadvokaten som i 15 år var medlem av

menneskerettighetskommisjonen i Strasbourg.»

og videre seier ho;

«FNs barnekomité har gang på gang stilt spørsmål ved om alle norske kommuner virkelig er i stand til å etterleve menneskerettighetene i sin daglige praksis, sier hun.

Hun foreslår å oppnevne et offentlig utvalg som utreder barnevernsbarnas faktiske rettsvern og om rettighetene deres i menneskerettighetsloven blir respektert i praksis.»

HRA-N sine kommentarer til kapitel 7, ansvar for trygg oppvekstmiljø, omsorg og beskyttelse.

HRA-N er sjølvsagt enige i at barn skal vekse opp i kjærleg omsorg og vere beskytta. Vi veit at det fins reelle bv-saker, men HRA-N vil synleggjere og ha slutt på alle maktovergrepa mot barn og familier, som faktisk treng vern mot barnevernet slik det fungerer i dag. Desse overgrepa skal ikkje teiast i hjel, men snakkast i hjel. Slik høringsnotatet er skrive gjenstår det å sjå om praksis blir endra.

Vi treng ein sanningskommisjon for å kaste lys over kva som har hendt og hender innan bv. <https://www.fylkesmannen.no/Sogn-og-Fjordane/Barn-og-foreldre/Barnevern/Tilsyn-med-Sogn-barnevern1/>

men det er ikkje berre Sogn bv som er dysfunksjonelt, stort sett over heile landet høyrer vi i år etter år om trong om kompetanseheving

<http://www.vikebladet.no/nyhende/article9770883.ece>

http://www.vkus.no/Installations/fwk/sites/ssks/hareid/2015/ha_02-15_innkalling_-_21-15.pdf

HRA-N har høyrte at einslege eller par som kjem til Bufetat og vil adoptere blir råda til å bli fosterforeldre til barn som med stor sannsynlegheit blir adoptert bort. Det er fortalt at slike fosterforeldre er svært aggressive, nedlatande og saboterande mot foreldre; desse fosterforeldra si haldning er at dei «eig» barnet. Her finns visstnok ein «småbarnsbank», der barn blir vist fram på ei nettside slik at foster-/adoptivsøkerforeldre kan velge eit barn.

I 2015 var det flott seremoni i aulaen på universitetet i Oslo der romanifolket/taterane fekk ei offentleg orsaking for overgrepa dei hadde vorte utsette for.

Her kan ein lese frå Helsingforskomiteen sin rapport:

<http://nhc.no/no/publikasjoner/rapporter/Norsk+romani-%2Ftaterpolitikk%3A+Fortid%2C+n%C3%A5tid%2C+framtid.9UFRvKWA.ips>

(22/04-2009) Rapporten Norsk romani-/taterpolitikk. Fortid, nåtid, framtid er ei menneskerettslig vurdering av hovudtrekk i norsk politikk i forhold til romanifolk/taterane. Utgangspunktet for Helsingforskomiteens konklusjonar og anbefalingar er dei menneskerettslige forpliktelsane Noreg har påtatt seg i forhold til å respektere og sikre internasjonale menneskerettigheiter, som i dag også omfattar særlege rettigheiter for etniske og språklige minoritetar.

Rapporten konkluderer med at overgrepa ikkje utgjorde forbrytelsar mot menneskeheita i juridisk forstand, men at fleire av elementa som inngår i denne internasjonale forbrytelseskategorien var tilstades i den norske politikken, blant anna systematisk å fråta foreldra barna og å tvangssterilisere medlemmar av gruppa. Ein av hovudanbefalingene i rapporten er at det etablerast ein sanningskommisjon om norske myndigheiter sine overgrep mot romanifolk/tatere. Ein slik sanningskommisjon vil kaste lys over alle overgrep begått av norske myndigheiter mot romanifolket/taterane og vil bidra til å legge eit solid grunnlag for det som er dagens linje i forhold til romanifolket/taterane, nemlig å støtte kulturell overleving og å bekjempe diskriminerande haldningar og praksis.

HRA-N sin kommentar til rapporten: Tvangshentinga som er godt skildra i rapporten er som å lese om ei tvangshenting av barn anno 2016, den einaste forskjellen er at aktørane

har høgskuleutdanning. Men kva hjelp vel høgskuleutdanning om ikkje hjerte og hjerne kommuniserer.

Som vi ser har det norske samfunn lang tradisjon med å kontrollere og tvinge barn til offentlig omsorg:

<http://www.nrk.no/dokumentar/internatskoler-og-samene-1.11309606>

<http://www.abcnyheter.no/livet/2015/04/25/222618/norskfodte-kari-ble-skilt-fra-moren-sin-og-sendt-til-tyskland-som-baby>

<http://www.abcnyheter.no/nyheter/2008/10/18/75991/milliarder-i-erstatning>

<http://www.tekniskmuseum.no/tidligereutstillinger/896-vonde-minner-fra-grefsen-barnesanstalt-1951-54>

http://barneombudet.no/wp-content/uploads/2014/03/Helse_p%C3%A5_barns_premisser_Del4_Kap3.pdf

<http://www.helsebiblioteket.no/retningslinjer/barnekreft/medisinsk-st%C3%B8ttebehandling/rettigheter-st%C3%B8tteordninger>

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2000-12-01-1217>

<http://www.hioa.no/Om-HiOA/Senter-for-velferds-og-arbeidslivsforskning/NIBR/Publikasjoner/Publikasjoner-norsk/Barnevernbarnas-helse>

HRA-N sine kommentarar til kapittel 8, særlig om samarbeid mellom barnevern og psykisk helsevern.

Vi er fleire i organisasjonen som har over 30 års røynsle med korleis barnevernet(bv) fungerer for dei som både treng hjelp og ikkje treng det, men blir påførde store skader både fysiske stress-skader t.d. hjerneskadar på barn, meir eller mindre alvorlege psykisk traumer og ikkje minst økonomisk ruin. Vi snakkar om barn og foreldre som «har skorne på og kjenner kvar det trykkjer». Her er mange djupt tragiske sjølv mord hos barn og foreldre som følgje av arbeidsmetodene til norsk bv. Desse sjølv morda er ein skamlett på norsk barnevern, og det hadde vore ein viktig del for ein sanningkommisjon å få fram historiene rundt desse tragediene. I dag skulle mor til vårt fosterbarn ha fylt 50 år, men denne unge mora tok livet sitt som 21 åring som følgje av eit svært brutalt og sjokkerande hastedtak, og utan reell hjelp eller støtte i etterkant. Dette er ei norsk skam.

<https://evalueringsportalen.no/evaluering/barnevernbarnas-helse-uforhet-og-dodelighet-i-perioden-1990-2002/BArnevernbarna2005-12.pdf/@@inline>

<https://helsedirektoratet.no/nyheter/3-av-4-barn-og-ungdommer-pa-barnevernsinstitusjon-har-psykiske-lidelser>

HRA-N sine kommentarer til kapittel 9, melding til bv og bv undersøkelser – krav til dokumentasjon.

Dagens bv har ikkje tillit i folket. Folk som er i kontakt med bv og ennå ikkje har mista barna, der veit vi at foreldre seier at dei har tillit til bv i redsel for å få hastevedtak. BV kjem trakkande inn døra når det passar desse i årevis for å stresse og trakassere familien. Ingenting er bra nok. Dei har alltid noko negativt å kritisere, helst mikroanalyse, som du som foreldre skal gjere betre. Og slik held dei det gåande. Dette er heilt uhøyrte og kan ikkje finne stad i norske heimar lenger. Vi kjenner faktisk heimar der bv gjort vedtak om undersøkelssaker i samanhengane >7 år, og fylkesmann har sagt stopp til bv; fordi dei ennå ikkje har vore grunnlag for omsorgsovertaking. Men dei har igjen starta sak... Det bør vere straffereaksjonar mot slik bv-personar som forfølgjer familier slik.

Elles ser vi i mange saker at BUP etter krav frå bv; sender bv uromelding og ber om at bv må undersøke heimen. Vi har rapportar på at bv krev uromeldingar frå helsestasjon, jordmor, bhg, skule, ppt, psykolog sakkunnige, BUP o.a. – dette blir kravd for å få tvangsplassert barn frå ei familie som dei har bestemt seg for krenke. Ein bv-leiar gjorde hastevedtak på ei fødeavdeling og plasserte barnet hos bestevenninna si. Etisk vurdering? Kva med mentaliseringsevna til denne bv-leiaren?

<https://helsedirektoratet.no/nyheter/3-av-4-barn-og-ungdommer-pa-barnevernsinstitusjon-har-psykiske-lidelser>

HRA-N sine kommentarer til kapittel 10, informasjonsutveksling mellom bv og andre tjenester og personer:

Kommunale fagfolk i alle andre offentlege omsorgssektorar, spesialist helsetenesta, helsestasjon, legar, politi, direkte oppfordra til å sende bekymringsmelding til bv dersom dei ikkje klarar å handtere born med f.eks. div. adferdsproblematikk. Vi oppfordrar difor desse til å ta tilbake trua på seg sjølv, sin eigen profesjon, samt at dei og verkeleg kan hjelpe borna utan bv si form for hjelp. Moderne tendensar og nærast allment godkjent oppfatning er at bv må kontaktast for alt det negative som har med born å gjere, for bv skal hjelpe. Bv skal «hjelpe» borna å flytte, helst vekk frå foreldra, omgangskrets, bhg, skule og heimkommune. Dette er viktig å presisere då alle må forstå alvoret i å sende bekymringsmelding til bv. Born som allereie er øydelagde som «kasteballar» i bv sin omsorg, skal ikkje sendast tilbake dit.

Kapittel 11 Tiltakene i barnevernet.

HRA-N: Kva med når overgrep skjer på institusjon og fosterheim?

HRA-N vil påpeike at etter Nurnbergprinsippet er alle ansvarleg for sine handlingar. Saksbeh, bv kontor, fosterforeldre, rettsapparatet er eit personleg ansvarleg for det dei gjer/unnlater å gjere, og dei bør få straffereaksjonar.

Barn bør vernast mot barnevernet og andre; som m.a. psykologar og rettssystemet.

“Barnets beste” har dessverre vore misbrukt av bv-tenesta i alt for mange situasjonar, og dessverre utan at andre heilt uavhengige og meir seriøse personar kan være einige i kva som er til det beste for det aktuelle barnet i det aktuelle tilfelle. Det må derfor bli slutt på direkte misbruk av “barnets beste”, som eventuelt må defineres svært grundig i kvart enkelt tilfelle.

«Barnets beste vurdering» er ikkje rett for barnet, før bv vurderer skaden som bv sjølv påfører eit barn. Skadane ved tvangsplasseringa må vurderast opp mot det bv ønskjer å «redde» barnet frå.

Det er aktuelt å fokusere på EMK art. 3, Forbud mot tortur, hvor det står: “Ingen må bli utsatt for tortur eller for umenneskelig eller nedverdiggende behandling eller straff.” Denne artikkel kan vi gjerne se i sammenheng med EMK art. 8, Retten til respekt for privatliv og familieliv.

1. “Enhver har rett til respekt for sitt privatliv og familieliv, sitt hjem og sin korrespondanse.”

2. “Det skal ikke skje noe inngrep av offentlig myndighet i utøvelsen av denne rettighet unntatt når dette er i samsvar med loven og er nødvendig i et demokratisk samfunn av hensyn til den nasjonale sikkerhet, offentlig trygghet eller landets velferd, for å forebygge uorden eller kriminalitet, for å beskytte den offentlige orden, helse eller moral, eller å beskytte andres rettigheter og friheter.”

Ei mor med eit tvangsplassert barn, såg den Oscar belønna filmen «12 years A slave». Etterpå sa ho: «Dette er akkurat slik som når barnevernet tek barnet ditt, på bakgrunn av uærlege påstandar, og behandlar barnet som sin eigedom til det er 18 år, men helst til det er 24 år. Om barn og familie ikkje får fysiske piskeslag som i filmen, så oppleves uretten ved tvangsplasseringa som psykiske piskeslag i år ut og år inn. Ein ting er å leve med eigen smerte, men verre det å oppleve barnet sin smerte.»

Nokre linkar til ettertanke: <http://www.dagbladet.no/nyheter/storoffensiv-mot-norge-menneskerettsdomstolen-skal-granske-sju-norske-barnevernsaker/63609781>

<http://www.tv2.no/a/8601544/>

<http://www.adressa.no/nyheter/deglemtebarna/2011/12/08/52-barnevernsbarn-utsatt-for-grove-overgrep-3294337.ece>

http://www.forskningsradet.no/prognett-vfo/Artikkel/Levekar_og_marginalisering_blant_barn_og_unge/1224698380689

https://www.bufdir.no/Statistikk_og_analyse/Oppvekst/Vold_og_overgrep_mot_barn/Se_ksuelle_overgrep_mot_barn/

<http://barnehage.no/pedagogikk/2015/01/-kartlegging-av-barn-er-krenkende/>

<http://www.dagbladet.no/kultur/voldtatt-pa-barnevernsinstitusjon/63818707>

<http://www.advokatsylte.no/barn/overbevisende-barnevernteorier>

http://uknowledge.uky.edu/edp_etds/30/

Kapittel 12 Hastevedtak.

BV gjer mange ulovlege hastevedtak, men dei veit at ingen tek tak i overgrepet. Dei er då sikra at bv saka er i gong og at barnet/-a ikkje kjem heim. Foreldre og advokat skal vere spesielt dyktige for å få heim eit barn. Bv veit at dei stort sett får medhald gjennom fylkesnemnd og tingrett, nettopp fordi foreldre forstår ikkje systemet godt nok.

Kapittel 13 Kontakt og samvær.

Barn fekk på 1970 talet rett til å ha med foreldre på sjukehus pga av store psykiske skader grunna separasjonen frå foreldre. Likeså får barn samvær kvar veke med den av foreldra som dei ikkje bur hos. Barnehjerna er ikkje annleis i 2017; kjenslene, sakn, sorg og skadane er ikkje annleis når barn blir tvangsplasserte i offentleg omsorg.

Kapittel 14 Oppfølging av barn og foreldre.

HRA-N ber om at det blir oppretta eit uavhengig familieombod med ein stor stab som kan vere til hjelp for familier som kjem i klørne til bv systemet og deira overgrep. Dette ombodet bør m.a. formidle til media kva som går føre seg. Trur elles at media som meiner at dei er den fjerde statsmakt, må vakne av dvalen.

HRA-N har snakka med foreldre som opplever tvangsplasseringa som eit overgrep, men det er ikkje slutt med det, bv held fram med årelange trakassering og øydelegg gjerne både barn og foreldre. Mange har samanlikna bv med Anders B Breivik og sagt: Tenk om Anders B Breivik skulle følgje opp offera i 22. juli-saka, ja, då hadde det blitt

avisoppslag! Desse ofra fekk vel medhald i media til å ikkje trykke bilete eller namnet til ABB på framsida på avisene.

HRA-N sin spørrende kommentar er: Hvorfor blir biologisk foreldre/familie aldri spurt korleis dei opplever barnet sin rettsikring er tatt i vare under offentlig tvangsplassering, og spesielt i situasjoner; når barnet er åleine med tilsette i barnevernet, fosterforeldre, psykologer osv.

HRA-N har eksempler på at vitnemål i retten harmonerer med barnevernstenesta sine ønskjer som var det motsatt av barnet sine årelange ønskjer. Ellers er det dei personane som daglig omgår barnet som kan påvirke og true barnet til ønskja uttale og også med med represalier. Mange vaksne tidlegare fosterborn kan fortelje historier, HRA-N har høyrte nokre.

Tilliten til barnevernssystemet er nærast null fordi 'alt' fører til henting/tvangsplassering. Mange mødre som treng vern på krisesenter tørr ikkje dra dit lenger, fordi 'hjelpa' dei får endar i katastrofe. Mor rømer frå far for å verne barna mot vold. I etterkant blir mødre og barn straffa ved at barnevernet tvangsplasserer barna istaden for å slå ring rundt mor og barn som burde vere praksisen, t.d. å gi dei eit verna butilbod.

Kapittel 15 Bustad utanfor heimen. dvs tvangsplassering.

Når systemet ikkje behandlar sakene i henhold til regelverket - med andre ord at det foreligger en vilkårlig behandling av sakene - foreligger grunnlag for den private part til å gå til erstatningssak mot staten/samfunnet. Det er allerede betydelige midler som er utbetalt i slik sammenheng. HRA-N ser likevel et enda større potensial for flere slike saker – med andre ord er systemets læringseffekt liten.

Et lite eksempel som illustrerer denne problematikken kan hentes innenfor barnevernssektoren i Norge:

Barnevernet kan sies å operere på 3 hovedområder:

1. Barnevernets tiltak er nødvendige og ivaretar situasjonen de benyttes i
2. Tiltak fra barnevernets side er nødvendige, men blir ikke satt inn
3. Barnevernet iverksetter unødvendige tiltak.

Punkt 1 er der man ønsker å være. Punkt 2 er ofte diskutert i media og ellers, og barnevernets ressurser er også økt på grunnlag av denne diskusjonen. Punkt 3 mener mange er den mest vanlige situasjonen vedrørende barnevern i Norge (men også i andre land, for eksempel Sverige). Dette griper rett inn i punkt 2 hva midler angår. Punkt 2 og 3 er svært skadelige for barn (og for punkt 3 også for foreldre). Punkt 3 er imidlertid lite påaktet i det offentlige rom.

Nordlandsforskning har forsket på problematikken vedrørende bekymringsmeldinger, som ofte er barnevernets innfallsvinkel til sakene sine. Nordlandsforskning sier i en artikkel i VG 23.2.2012 følgende: "Det er også store variasjoner i de meldingene som kommer til Barnevernet. Det vi ser i vårt forskningsarbeid er at veldig mange av bekymringsmeldingene handler om familier som har det vanskelig, og ikke barn som lider av omsorgssvikt."

Fylkesmannen i Oslo og Akershus uttalte i 1997 i en klagesak følgende: "Det er først når foreldrene ikke kan oppfylle den "normale omsorgsplikten" som alle foreldre har, at det kan bli aktuelt å hjemle tjenestetilbudet i barnevernsloven."

Selv om det ikke foreligger bevis for at de tiltak barnevernet iverksetter er nødvendige i slike saker, ser man like fullt en økende bruk av akuttvedtak/tvangsmidler fra barnevernets side i saker med funksjonshemmede eller utagerende barn. Dette uten at det er gjort noen holdbar vurdering av foreldrenes omsorgsevne. Selv om barnevernets bevisplikt for at de tiltak de setter i verk er nødvendige ikke blir overholdt, og sakene i stor grad bygger på andre- og tredjehåndsinformasjon, vektlegger fylkesnemnder og domstolen disse udokumenterte påstandene i stor grad. I flere saker ser man at førstehåndsinformasjon fra tydelige kilder blir oversett i disse sakene. Dette kan medføre erstatningsansvar for staten etter EMK artikkel 5 nr 5.

Barn blir svært ofte tatt med på utenlandsturar rett etter tvangsplassering. Born har rapportert angst for å miste fosterforeldre av syne for tenk om eg då ikkje blir forstått og eg kan ikkje finne heim til biologiske mamma og pappa. HRA-N ser ikkje vekk frå at dette kanskje er det ein del av 'terapien' ; la born kjenne på frykten slik at dei knyter seg til fosterforeldre fortare slik at huset sine lover å reglar skal følgast utan protest. I alle år har vel utmarsjane frå barneverninstitusjonar vore brukt for å bryte ned motstand hos tenåringar og vise at det er institusjonen som har/skal ha makta. anbefaler å lese boka til psykolog Sverre Asmervik; «Vi som fyller nettene». Forfatter Asmervik blei latterleggjort, men i ettertid har desse ungdomane blitt vaksne og historiene til nokre har funne vegen til media. <http://www.barnefjern.org/bufdir-mener-70-000-kroner-i-oppreisning-er-nok-barnevernets-straffeturer/>

<http://www.vg.no/nyheter/innenriks/tvunget-til-lydighet-av-marinejegere-i-barnevernet/a/10061761/>

'Tidleg intervensjon' som er mantraet for tidligast mulig å tvangsplassere barn ut frå 'føre-var-prinsippet' har vore praktisert i mange år allereie.

Boka 'Maktovergrep og justismord' viser ei konstruert barnevernssak etter 'tidleg intervensjonsprinsippet'. Dette er den einaste boka i Noreg som inneheld alle sakspapira med kommentarar. Boka viser korleis barnevernet gjennomfører ei sak utan bekymringsmelding. Saksbehandlar kom ikkje på kva ho skulle svare, då ho to gongar i fylkesnemnda blei spurt om kvifor barnet blei plassert i beredskapsheim.

<http://www.haugenbok.no/resverk.cfm?st=free&q=maktovergrep%20og%20justismord&p=1&r=1&cid=182729>

Barnevernsleiar Ann Reidun Vik sa til Sunnmørsposten 09.11.2007 då boka kom i sal; sitat: «..., men opplyser at barnevernet er oppmoda frå sentralt hald om å få løyst barnevernssaker tidligast råd». I tv programmet «Brennpunkt» NRK 22.04.2014: <http://tv.nrk.no/serie/brennpunkt>

I programmet fekk vi kunnskap om bindingane mellom sakkyndige psykologar og barnevernet som lønna dei. Men bindingane innan systemet er mykje meir omfattande, enn det som kom fram der, når vi vurderer sakspapirer og snakkar med dei involverte.

Korleis barnevernet bygg opp ei sak saman med ein av dei nemnde psykologane kan du lese i boka «Maktovergrep og justismord».

I NOVA- rapport 2/2001 kan ein lese sammendraget av doktoravhandlings: 'Rettfærdiggjering av omsorgsovertakelse' av psykolog Elisabeth Backe –Hansen: <http://www.nova.no/id/550.0>

Denne har til no fungert som ei oppskriftsbok for tilsette i barnevernet.

I dei siste åra har vi sett ei endring ved at foreldre/barn ved frivillig tvang må delta i dvs 'program' t.d. 'De utrolige årene', circle og security, osv

'Frivillig tvang' betyr i praksis at om foreldre ikkje vil delta seier barnevernsleiar/saksbehandlar at då gjer vi (oftast haste-)vedtak om tvangsplassering av barnet/barna. Når så foreldra vidare deltek i desse programma så ser vi at resultat blir tvangsplassering likevel, men då med grunngjeving at dei meistra ikkje det eller det grunna t.d. tema i programmet pga t.d. omsorgsevne, psykisk syk(men uten diagnose av fagfolk), samarbeidsevne, osv..... dette er saker som då sannsynlegvis kan seiast å vere basert på 'evidenskunnskap' – på norsk kan ein kanskje oversette dette med 'beviskunnskap'; det er mykje nye ord som blir laga av innan barnevernfeltet!

Tidlegare krf statsminister Kjell Magne Bondevik har nok i god meining arbeid for ein 'mobbefri skule' og fekk innført lovendring i opplæringslova kap 9. Der viser § 9a-7 at det kan medføre straffeansvar for den som ikkje får stoppa mobbing. <http://lovdata.no/all/tl-19980717-061-011.html#9a-7>

Når foreldre blir 'høgrøysta nok' og krev slutt på mobbinga av barnet sitt, så går det dessverre mange gonger frå å vere ei mobbesak til å bli ei barnevernsak ved at rektor ringjer til barnevernet for å unngå straffeansvar.

Med så mykje svik så er det færre og færre som syng; 'Ja, vi elsker dette landet'.

Forskning viser at ADSKILLELSE BARN OG FORELDRE er meget skadelig. Vi viser her til litt av den omfattende forskningen som foreligger hva dette angår:

Advokat Sverre Kvilhaug har samlet en del av både nasjonal og internasjonal forskning i boken " Adskillelse Barn og Foreldre" og vi anbefaler alle politikere å lese nøye igjennom denne før det taes en beslutning i dette høringsutkastet.

Denne brede forskningen viser til de mange skadevirkninger denne adskillelsen har, både fysisk, psykisk, noe Barne- og likestillingsdepartementet selv påpekte i høringsnotatet FORSLAG TIL ENDRINGER I LOV 8. APRIL 1981 NR. 7 OM BARN OG FORELDRE (BARNELOVA) fra 2009, de sosiale skadene i form av bl.a manglende nettverk. Det som er på mote nå er minimalt med samvær; to samvær a fire timer i året; bare tillatt å møte foreldre. Dette er ikke til 'barnets beste', men til 'fosterhjemmets beste', men det er barnet som taper til slutt med lite nettverk i biologisk familie. Når barnet er blitt 18 år og fosterforeldrene ikke får betaling opplever de fleste fosterbarn at det er ikke så mye innhold og verdi i at fosterbarnet ble pressa til å kalle fosterfamilien/- slekten for mamma, pappa, mormor, farfar, tante, onkel etc.

Kapitel 16 Partsrettigheter og ordninger som sikrer barns prosessuelle rettigheter.

HRA-N ser og forstår det slik at det skal bli vanskelegare å få dokumentinnsyn. Kva er det for folk som styrer landet vårt? Politikerar er folket sine ombodsmenn, men har dei abdisert?

HRA-N sitt forslag og kommentar: Det barnet treng når bv kjem på bana, er at foreldre med dagleg omsorg får bestemme kven som skal vere bistandsadvokat for barnet. Foreldre er i dag barnet sin verge. Det blir nemnt å vurdere ei vergeordning for tvangsplasserte barn, men det ser HRA-N som ein dårleg ide, for då får ein som regel inn endå ein som fungerer som bv si stemme. Men bv jobber for å ha eit «fuglefjell» av offentlig tilsette vitner som har større verdi i dagen rettssystem. Foreldre skal stakkarsleggjerast og svertast, det er eit «David og Goliat system».

Ja, dette høyrest fint ut for rettsikringa til barn som er tvangsplassert under barnevernets omsorg, at barna skal kunne ha eigen såkalla «tryggingsperson».

HRA-N har fått mange historier om korleis tillit-, tals og tilsynspersonane fungerer for barnet, og opp mot sak. At barnet skal ha ein person å forhalde seg til; «trygghetsperson» ser som ønskje frå bv og fosterheim. Sjølv om det i notatet blir nemnt at det er ønskje frå barn, så er det forståleg at det blir sagt, men barnet ser gjerne ikkje korleis det kan fungere for dette barnet i retten. Foreldre rapporterer at tillitspersonen er gjerne venninne av fostermor eller nokon andre i kretsen, og då er det ofte fosterheim/bv sin stemme som kjem fram. Talspersonen blir rapportert å vere den mest objektive, og barnet si stemme kjem ofte fram, derfor vil nok bv ha bort denne personen. Tilsynsfører i fosterheimen, har ofte dette som bijobb og jobbar for det lokale bv. Denne personen hevdar at barnet er så tilknytta til fosterheim, og blir derfor bv si stemme. Det er ubalanse i synspunkta fordi

bv vil ha ordninga som heile tida skal vise kor viktig det er at barnet er i offentlig omsorg. Det er null interesse for bv å legge til rette for at barn skal få ha kontakt med foreldre og familien sin. Viser til linken under «når barn skades med de beste hensikter». HRA-N har sett og fått rapportert om mange rotlause unge vaksne, der familiebanda er blitt øydelagde av bv systemet. Men så kjem bv på bana når desse får familie og barn fordi dei har hatt turbulent oppvekst og ikkje nettverk!!! Heile systemet må endrast.

I USA har det foregått et skifte i barnerettspraksis, rettssakkyndighet og vektlegging av faren for «foreldrefiendtlighet» i saker som gjelder barnefordeling og offentlig omsorgsovertakelse av barn. Norsk rettspraksis er fortsatt preget av overdreven tiltro til sakkyndige. Ved å bedre rettssikkerheten og likeverdigheten i omsorgstvister kan vi sikre barns utviklingsmuligheter og deres psykiske, biologiske og sosiale velferd.
<http://tidsskriftet.no/2016/09/kommentar-og-debatt/nar-barn-skades-med-de-beste-hensikter>

Om manglende rettstryggleik, ein uttale frå Gro Hillestad Thune:
<http://www.vg.no/nyheter/innenriks/artikkel.php?artid=10068581>

Vi veit at barnevernet har eigne samarbeidsmøter med fylkesnemnda før aktuelle saker. Barnevernet legg fram ofte rundt 100 skriftelege dokument i starten av ei sak pluss munnleg vitnemål. Dessutan har dei gjerne sakkyndig psykolog som er betalt av det offentlige; og då har foreldre lite å seie i møte mot overmakta. Alle positive vitnemål for barnet/foreldre blir vanlegvis ikkje nemnt i vedtak/døm.

Når ein i desse sivile barnevernssakene berre treng sannsynlegheitsovervekt, 51% - for at barnevernet sine påstandar er rette så treng ein i teorien ikkje nokon rettsak, for det er berre 'pynterettsak'/spel for galleriet.

Fragmentert system. HRA-N har klaga inn saker til dei fleste med tilsynsfunksjon kva gjeld barnevernssystemet, og alle gir barnevernssystemet medhald, sjølv om det ligg svært god dokumentasjon bak. Ingen tek ansvar for å gå inn i det som blir rapportert; det ser ut som det blir oppfatta som hevn og sverting. Det er eit fragmentert system; derfor fungerer det som om alt er lovleg for barnevernssystemet. Men det er vel slik staten Norge vil ha barn som ei vekstnæring.

Barn si rettssikring blir pulverisert ved all fragmentering fordi alle desse såkalla hjelparane til barnet og tilsynspersonane, som oftast snakkar barnevernet si sak og ikkje for barnet når ein går nærare inn i ei sak.

Barnevernet sikrar seg stadig nye meiningsfeller, og sannsynleggjer på denne måten at barnevernet si argumentering er rette når saka er oppe til behandling i fylkesnemnd og tingrett. No har mange bv kontor delt dei tilsette til å arbeide i «bv avdelinga» som er før barnet blir tvangsplassert. «Omsorgsavdelinga» tilhøyrer dei barna som er tvangsplassert. Ved å dele inn slik, så får bv ekstra bv tilsette som vitner i fylkesnemnd

og tingrett. Dette er vel ikkje noko å henge seg opp i, men det er slik dette systemet eser ut til fordel for bv.

Kapitel 17 Økt rettsikkerhet ved saksbehandlingen i fylkesnemndene.

Lyd opptak i fylkesnemnda og retten kan betre rettsikringa. Tillit blir opparbeida kun gjennom etisk, respektfull og ærleg saksbehandling. Når fylkesnemnda har møte med bv og saksbehandlar i aktuell sak før saka kjem til behandling i fylkesnemnda forstår vi at foreldre opplever fylkesnemndbehandlinga som partisk til fordel for bv.

HRA-N sit også med eit brev frå ein tingrett som inviterer alle bv-leiarane i sitt område til heildags møte, for å betre samarbeidet om bv-sakene. Ja, kvar er rettsikringa til barnet og foreldra innan ei bv-sak?

Kapitel 18 Økonomi

HRA-N meiner at pengane til tiltak må følge barnet. Det må bli slutt på å misbruke barn ved å lage ei vekstnæring med barn som materiale innan dagsens bv-industri. Ein fosterheims plass kostar ca ein million/året, og institusjons plass over det dobbelte. Kvifor ikkje ordne opp i ev utfordringar/problem innan familien utan å skal kontruere ei dyr sak for rettssystemet som er sterkt traumatiserende for foreldra, men mest skadeleg er det for barn som får akutte og varige traumer med mange kjente seinverknader. Sluttresultatet blir gjerne at både barn og foreldre endar som nav-klientar eller/og uføretrygda. HRA-N har hatt innsyn og arbeid med fleire hundre saker som absolutt kunne fått ev hjelp i heimen. Barn er kloke og forstår/seier mykje meir enn bv/psykolog/rettssystemet respekterer. Det som også må vektleggast er at på kvardagar er barn uansett i offentleg omsorg via bhg/skulen/-fritidsordning, dessutan kan det settast inn hjelp i heimen etter bhg-/skuletid nokre timar så lenge det trengs – det er billigare enn å tvangsplassere og påføre barn/familien varige helseskader som ofte fører til uføretrygding av heile familien.

Kapitel 19 Merknader til lovutkast.

HRA-N sine kommentarer:

"Vedtak etter dagsens barnevernslov §4-12 d predikterer om overveiende sannsynlig at barnets helse og utvikling blir skadd Beviskrava skal være strenge, der foreldre er psykisk utviklingshemmet eller sinnslidende(Knut Lindboe). Sigrid Norstoga skriv i forskningshefte s. 69: 'Å prediktere er et kjennetegn ved barnevernets beslutninger i barnevernet'.

HRA-N spør: Er det spåkoner bv-pedagoger ønskjer å vere? Altså å prediktere/spå om kva som kan hende i framtida! Svært, svært mange saker som vi kjenner er fråtekne borna grunna bvl §4-12.

Det er naturlig å starte med både barns og foreldres menneskerettigheter.

Konvensjonen om barnets rettigheter (Barnekonvensjonen) og EMK artiklene inngår i Menneskerettsloven (den norske på Lovdata). De internasjonale konvensjoner er ellers overordnet våre egne lover, bortsett fra Grunnloven, og dermed er det bare Grunnloven som er overordnet Menneskerettsloven.

Kapitel 20 Lovforslag

HRA-N vil derfor minne om Nürnbergprinsippet som blei etablert etter den andre verdenskrig som internasjonalt prinsipp mot krigsforbrytere som hevder «de fulgte bare ordre». Ut frå Nürnbergprinsippet er kvar arbeidstaker ansvarlig for sine handlingar."

Om manglande rettstryggleik, ein uttale i VG 09.09.2010 frå Gro Hillestad Thune:
<http://www.vg.no/nyheter/innenriks/artikkel.php?artid=10068581>

Sitat: «Hun mener regjeringens forslag om å lovfestet barnevernsbarnas rett til å bli hørt i sin egen sak, er helt nødvendig.

- Reglene er på plass, bestemmelsene i barnevernloven og menneskerettighetsloven burde være tydelige nok. Problemet er at reglene ikke følges, sier Thune.

Hun mener at barnevernsbarna ikke trenger flere rettigheter på papiret.

- Det barna som ikke blir hørt i sin egen barnevernssak først og fremst trenger, er bedre klagemuligheter. I dag er de i praksis rettsløse, sier den erfarne menneskerettighetsadvokaten som i 15 år var medlem av menneskerettighetskommisjonen i Strasbourg.»

og videre sier hun;

«FNs barnekomité har gang på gang stilt spørsmål ved om alle norske kommuner virkelig er i stand til å etterleve menneskerettighetene i sin daglige praksis, sier hun.

Hun foreslår å oppnevne et offentlig utvalg som utreder barnevernbarnas faktiske rettsvern og om rettighetene deres i menneskerettighetsloven blir respektert i praksis.»

HRA-N meiner at barnevernssystemet øydelegg svært mange familier på det grovaste. Barn får barndomen øydelagt. På sikt destabiliserer barnevernssystemet Noreg. Barn og foreldre endar ofte som uføretrygda.

Med helsing frå styret i Human Rights Alert – Norway,



Berit Aarset, sjukepleiar/leiar i HRA-N. 30. januar 2017.